

# RAPPORTERING PÅ TILSKOT «KULTUR AMATØR» SAKSNUMMER 2017/903

## Tweensfestival 2017

### Gjennomføring:

Tweensfestivalen 2017 vart arrangert i Åsane helga 27.-19.oktober 2017. Vi overnatta på U.Pihl vidaregåande skole og hadde programmet på Blokkhaugen skole. På søndagsføremiddag deltok vi på gudstenesta i Åsane kyrkje.

Arrangementet er eit årleg tiltak, og er eit samarbeidsprosjekt mellom KFUK-KFUM Bjørgvin og KFUK-KFUM Haugaland kretsar. I år var det KFUK-KFUM Bjørgvin som hadde vertskapsansvaret. Tema for festivalen var «Stå opp», inspirert frå KFUK-KFUM sin musikal «Stå opp» og byggjer på KFUK-KFUM sitt slagord «Ver deg sjølv. Stå opp for andre». Vi la både vekt på at vi både kan stå opp for oss sjølve, for andre, for våre medmenneske og for verda. Alle er gode nok akkurat som ein er skapt, at vi saman kan gjere kvarande gode, hjelpe kvarandre og hjelpe vår sysken i andre land som ikkje har det så godt som oss. Temaet var ein raud tråd gjennom både fellesprogram og val av songar vi song.

Tweensfestivalen er ein leir for barn (tweens) mellom 10 og 13 år som går frå fredagsettermiddag til søndagsettermiddag. Vi ser på denne festivalen som særst viktig fordi «tweens» som aldersgruppe er ei gruppe som lett kan falle utanfor dei tilboda som er for barn og unge i kyrkjelege samanhengar, då tweens kan kjenne seg for store til å gå i barnekor/-klubb, men er for små til å vere med i Ten Sing grupper/ ungdomsklubbar. Vi ønskjer å gi denne aldersgruppa eit programtilbod som er tilpassa deira aldersgruppe både i innhald og utforming, som er kjekt, inspirerande, lærerikt, utfordrande og utviklande – og då er tweensfestivalen eit viktig arrangement. Deltakarane og leiarane gir uttrykk for at tweensfestivalen er eit viktig arrangement i tweensgruppene sitt årshjul, det skapar mykje glede blant barna, der dei får møte andre barn på same alder, med same interesse, får nye vennar, for utfalde seg på sine premiss i trygge og gode fellesskap.

Festivalen hadde eit godt og variert program. I KFUK-KFUM legg vi vekt på at vi er heile menneske, med ånd, sjel og kropp – og at vi treng å bruke heile oss for å føle oss som eit heilt menneske, og dette kjem også fram i programmet for festivalen, der det er både fysisk aktivitet, fagleg påfyll, åndeleg påfyll og ro for sjel og sinn.

I år deltok 48 barn, 11 leiarar og ca. 20 frivillige medarbeidarar, inkludert musikarar, teknisk crew og seminarleiarar. I tillegg hjelpte nokre foreldre til med praktiske gjeremål (som matserving og nattevakter). Det var dessverre ingen deltakarar frå KFUK-KFUM Haugaland krets i år. Vi er dermed nøgde med å ha samla nesten 50 tweens frå berre Bjørgvin krets. Til neste år håper vi at vi igjen får til eit samarbeid om felles arrangement, då det har vore veldig givande å gjere dette saman. Barna og leiarane som var med hadde ei flott og innhaldsrik helg! Etter innkvartering og kveldsmat på fredagskvelden starta vi festivalen med opningsshow med underhaldning og allsong. Barna storkosa seg. Deretter roa vi ned med kveldsavslutning. Før leggetid hadde alle gruppene soveposesamling på klasseromma, der barna fekk reflektere over dagen og forventingar til helga. Vi snakka om korleis dei hadde det, kva som hadde vore

gøy å vere med på og om det var noko som dei grua seg til eller var spente på. På denne måten hjelper vi dei til å finne roa og verte tryggare på seg sjølv og gruppa dei reiser saman med.

Laurdagen er «hovuddagen» på festivalen, med variert program frå morgon til kveld. Dagen starta med morgonshow, som gjekk over i «singspiration» der alle deltakarane saman øver som festivalkor og øver på songar som dei mellom anna skulle opptre med på gudstenesta på søndagen. Etter dette var det tid for Globalløp (solidaritetsløp der vi samlar inn pengar til eit av partnerlanda til KFUK-KFUM Global). Globalløp er eit konsept utvikla av KFUK-KFUM Global, der løparane samlar inn pengar til Globalaksjonen vår. Årets globalaksjon går til Sri Lanka KFUK. Nesten alle barna, og fleire vaksne deltok, og mange hadde funne seg mange sponsorar, og det vart samla inn 22.650 kr. Det er vi veldig stolte av! Saman kan vi bidra til at verda vert litt betre for dei som lever i fattigdom og naud.

Etter globalløp og lunsj, var det klart for seminartid. Her kunne deltakarane velje mellom følgjande seminar: Band, dans, drama, foto, robotlego/ minecraft, solist/minikor, hobby/kreativ, teiknespråk, Uti verda: Global, Uti naturen: Speiding og baking. På seminara jobba deltakarane med mellom anna å førebu ulike innslag til gudstenesta søndag. Til dømes så laga dramagruppa laga dramastykke knytt til preiketeksten («Sonen som kjem heim»), dansegruppa laga dans, bandseminaret øvde inn ein av songane som felleskoret skulle opptre med og solist/minikor øvde inn soliststykke til fellessongane.

Slitne, men nøgde barn fekk så taco-middag før det var ei ny økt med «singspiration». Deretter var det klart for den programposten som var eit av dei store høgdepunkta for mange av deltakarane, nemleg «kampkveld!» Dette er eit aktivitetskonsept som kombinerer show, konkurransar og leik, der deltakarane vert delt inn i lag som konkurrerer mot einannan i ulike leikar, utfordringar og konkurransar. Det var stort engasjement og konkurranseinstinkt! Kvelden vart avrunda med kveldsavslutning med andakt, og deretter soveposesamling på klasseromma.

Søndagsmorgon gjekk med til pakking, rydding og førebuing til gudsteneste. Deretter deltok festivalen på gudstenesta i Åsane kyrkje, der foreldre og kyrkjelyden fekk gleden av å sjå kva barna hadde jobba med gjennom helga.

I KFUK-KFUM vektlegg vi ungt ansvar – vaksen nærvær. Mange av medarbeidarane som var med på festivalen var ungdommar og unge vaksne, mellom 16 og 25 år. Mange av ungdommane går på leiarkurs i KFUK-KFUM (LIV – ledere i vekst kurs). Festivalen hadde også ein arrangørkomité bestående av frivillige som hadde ansvar for store delar av gjennomføring av festivalen, under tett oppfølging av dagleg leiar i KFUK-KFUM Bjørgvin.

Tweensfestivalen var særskilt vellukka, og vi har fått mange gode tilbakemeldingar frå både leiarar og deltakarar om at dei har hatt ei flott festivaloppleving og gleder seg til neste år!

### **Avvik:**

Vi søkte om støtte til dette arrangementet innan søknadsfristen som var 1.mars 2017. Promotering av arrangementet og utsending av informasjon til gruppene våre, kyrkjelydane med fleire vart gjennomført i den perioden då søknaden vår var til handsaming hjå Fylkeskommunen. Dermed har vi ikkje reklamert i alt informasjonsmateriell at arrangementet er støtta av Kultur Amatør tilskot frå Hordaland fylkeskommune. Vi fann det unaturleg å

informere om at det var søkt om tilskot frå Fylkeskommunen utan å vite om søknaden ville verte innvilga. I årsmeldinga for 2017 vil det verte informert om Kultur Amatør tilskot frå Hordaland Fylkeskommune.

Vi håper at desse avvika ikkje vil telje negativt for oss ved eventuelle framtidige søknadar, då tilsagnsbrev frå Fylkeskommunen kom i sommar og utbetaling av tilskotet skjedde i september.

### Prosjektrekneskap:

<b>Prosjektnr. 6 : Tweensfestival</b>	
<b>INNETEKTER</b>	
Kirkeoffer 100%	-7909
Deltageravgifter (ikke alle er innbetalt ennå)	-37200
Fylkeskommunal Støtte	-10000
Støtte fra bispedømmet (OVF)	-10000
<b>SUM INNETEKTER</b>	<b>-65109</b>
<b>KOSTNADER</b>	
Lønn til ansatte	20000
Praktiske løsninger	1877,9
Reisekostnader	184,8
Overnatting	6000
Bespising/kantine	10464,25
Show/Program	1652,23
Leie av teknisk utstyr	6000
Andre transportkostnader	2269,4
<b>SUM KOSTNADER</b>	<b>48448,58</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-16660,42</b>

#### Kommentarar til prosjektrekneskap:

Rekneskapet for arrangementet er noko mindre enn budsjett på grunn av noko færre deltakarar enn budsjettert med, og dermed har både inntekter og utgifter gått ned i høve til budsjettering. Andre viktige faktorar som har påverka rekneskapet positivt er at vi fekk nytte skulane nesten kostnadsfritt og fekk ein veldig god avtale om teknisk produksjon, levert av ungdomsleiarane som driv ungdomsgruppa Sanctus Teknisk Stab. I tillegg fekk vi meir OVF-midlar enn venta og eit bra kyrkjeoffer under gudstenesta søndagen.

Lønskostandar som er lagt inn i budsjettet er kostandar knytt til programmedarbeidar si stilling i planleggingsfasen, og dagleg leiar sitt ansvar for koordinering, planlegging og gjennomføring av arrangementa i samarbeid med frivillige medarbeidarar. Lønskostnadane er estimert med tanke på kor mykje arrangementet kan bidra til dekking av kretsen sine lønskostnadar, og ikkje ein reell sum for kor mykje tid dei tilsette faktisk brukar på arrangementet i form av planlegging, gjennomføring og etterarbeid.